

Kulturrådet

Forsøksordninga
for distribusjon av
kulturfondbøker
til skulebibliotek

HOVUDFUNN
FRÅ INTERN
GJENNOMGANG

NOTAT 2023

Innhald

01

Samandrag

02

Innleiing

03

Metode

04

Om skulane

05

Formidling

06

Auka leselyst og
høgare utlån

07

Avsluttande
kommentarar



Samandrag

1

Forsøksordninga for distribusjon av kulturfondbøker til skulebibliotek har sørgra for innkjøp og distribusjon av kulturfondbøker til 200 skulebibliotek i grunnskulen. Resultata frå dei tre årlege spørjeundersøkingane viser at dei aller fleste skulane er særns nøgd med forsøkingensordninga. Skulane rapporterer om at ordninga i stor grad har resultert i auka leselyst og høgare utlån. Nokre av faktorane som har vore særleg viktige er tilgang på nye bøker og variert litteratur i kombinasjon med gode og aktive formidlingsopplegg frå skulebibliotekaren. Dei fleste skulane gjennomførte sitt planlagte formidlingsopplegg og seier det fungerte godt – og har vore viktige for korleis forsøksordninga har fungert.

Ein ser at i) fleire elevar enn før låner, ii) dei som allereie lånte bøker frå før, låner fleire bøker, og iii) eit større mangfald av bøker blir lånt av elevane. Elevane sin tidsbruk til lesing har også auka, både heime, men særleg på skulen. Nokre bøker er meir krevjande å få elevane til å låne, men dei fleste bøkene frå ordninga blir lånt ut før eller sidan. Manglande tid til formidling, rettleiing og dårleg økonomi blir nemnt som nokre moglege barrierar for å lukkast med ordninga.

Avslutningsvis melder særns mange av skulane at dei ønskjer dette skal bli ei permanent ordning grunna kva forsøksordninga har hatt å seie for elevane si leselyst og skulebiblioteket.

Innleiing

2

Innkjøp til skulebibliotek har vore ei treårig forsøksordning (2020-2022) med formålet å gje barn og unge tilgang til eit større utval av nye norske bøker gjennom skulebiblioteket enn dei har i dag. Forsøksordninga vart forlenga ut 2023.

Ordninga har sørga for innkjøp og distribusjon av kulturfondbøker til 200 skulebibliotek i grunnskulen. Gjennom ordninga har titlar for barn og unge frå innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur, ny norsk sakprosa og nye norske teikneseriar blitt distribuert. Eit av hovudformåla med forsøksordninga har vore å bidra med kunnskap om kva auka tilgang til kvalitetsvurdert litteratur i skulebiblioteket betyr for barn og unge si lesing.

Søknadsfrist for å delta i ordninga var desember 2019. 509 søknadar vart behandla og blant desse vart 200 søknadar innvilga.

Alle skulebiblioteka sendte inn ein formidlingsplan som del av søknaden, og det var to føresetnadar for deltaking: i) bibliotek i skulen sine lokale og ii) budsjett som sikrar ein personalressurs (ikkje krav om eigen skulebibliotekar eller heil stilling).

Skulebiblioteka som deltok var vidare forplikta til å ta imot og formidle alle bøkene som inngjekk i ordninga, overhalde oppbevaringsplikta som gjeld for innkjøpsordningane, og årleg rapportere til Kulturrådet.

Den fullstendige interne gjennomgangen av forsøksordninga vil vere klar hausten 2023.

DELTAKANDE SKULAR

120
BARNESKULAR (1.-7.-
TRINN)

32
UNGDOMSSKULAR
(8.-10.TRINN)

48
SKULAR FOR
1.-10.TRINN

Metode

3

DATAINNHEITING

For å undersøke korleis forsøksordninga har fungert, og om ordninga har bidrege til auka leselyst og utlån, har det blitt sendt ut tre spørjeundersøkingar til dei 200 deltakande skulebiblioteka.

- 2020: Første rapportering vart sendt ut i januar 2021 med svarprosent på 94 %.
- 2021: Andre rapportering vart sendt ut i februar 2022 med svarprosent på 88 %.
- 2022: Tredje og siste rapportering vart sendt ut i mars 2023 med svarprosent på 85 %.

SPØRJESKJEMA

Totalt 198 skular har levert anten ei eller fleire evalueringar. Ikkje alle skulane har svara på alle spørsmåla og ikkje alle skulane har delteke i alle tre rapporteringsrundane. Likevel er resultatata eit godt vurderingsgrunnlag grunna ein sær s solid svarprosent.

Dei to første devalueringane bestod av same spørjeskjema med totalt 30 spørsmål inkludert fleirvalsspørsmål, Likert-skalaspørsmål, opne spørsmål og demografiske spørsmål.

Sluttevalueringa (2022) inneheldt mange av dei same spørsmåla, men også nokre fleire for å kunne evaluere forsøksordninga i sin heilskap med totalt 38 spørsmål.

DATAANALYSE

Alle datasetta har gjennomgått visuell inspeksjon og blitt reinska for eventuelle feil, dublettar, skrivefeil, forskyvingar og mangelfulle data. Variablar som har vore vanskeleg å kvalitetskontrollere, har blitt utelete frå analysane. Det kan likevel førekome enkelte feil i datamaterialet då det er basert på sjølvrapportering i kombinasjon med visuell inspeksjon og manuell korrigering.


I dette notatet blir det i hovudsak presentert deskriptiv statistikk (gjennomsnittstal), swardistribusjon (frekvens), og fritekstsvar. Fritekstsvara har blitt koda og kategorisert.

Manglande data (0 - 15 %) samt variabelen *veit ikkje / ønskjer ikkje å svare* er ekskludert frå grafane grunna lesbarheit.


Om skulane

4

ELEKTRONISK
KATALOG
Skulebibliotek som har
elektronisk katalog.




SAMARBEID MED
FOLKEBIBLIOTEK
Skulebibliotek som samarbeider
med folkebibliotek om
katalogisering og registrering.



BIBLIOTEKAR-
UTDANNING
Skulebibliotekressursar
med bibliotekarutdanning.



NYNORSK
Skular som rapporterer at dei
har nynorsk som hovudmål.



Geografisk plassering




OPPSUMMERT

Fleirtalet av skulane ligg i Viken (37), Vestland (27), Agder (22) og Oslo (22). Nordland (5), Møre og Romsdal (8) og Vestfold og Telemark (13) har til samanlikning relativt få deltakande skular med tanke på folketalet i særleg dei to sistnemnde fylka. Kartet viser også at det er få deltakande skular frå innlands-Noreg.

Formidling

5

På spørsmål om skulane har gjennomført formidlingsopplegget som dei skildra i søknaden til forsøksordninga, svarar dei det følgjande for åra 2020, 2021 og 2022:



OPPSUMMERT

Dei aller fleste skulane rapporterer å ha gjennomført formidlingsopplegget heilt eller delvis som skildra i søknaden. Delen ja-svar er aukande for kvart år. Dette kan skuldast begrensingar som følgje av COVID-19-pandemien i 2020 og 2021, men også at ordninga har byrja å sette seg.

Merk ein noko høgare svarprosent for 2020 enn i 2021 og 2022.



10 MEST BRUKTE FORMIDLINGSOPPLEGG

- 01 Utstilling av bøker
- 02 Klassebesøk i biblioteket
- 03 Presentasjon av bøker
- 04 Samarbeid med lærerar
- 05 Høgtlesing
- 06 Individuell rettleiing
- 07 Bibliotekassistentar
- 08 Skulebibliotekar på besøk i klassane
- 09 Elevpresentasjon
- 10 Digital formidling av bøker




SITAT

«Jeg tror ikke forsøksordningen ved å bare sende bøkene ut til skolene vil føre til økt leselyst. Jeg tror at de som ikke fulgte føringene om at skulebibliotekar viser frem mangfoldet ved utstilling, fremsnakker om bøkene, holder bokkafè kan være årsak til at det ikke har ført til økt leselyst eller høyere utlån. (...)



Kor viktig har formidlingsopplegget vore for korleis forsøksordninga har fungert?

På ein skala frå 1 - 5, der 1 er særst uviktig og 5 er særst viktig.



72 % Skular som rapporterer at formidlingsopplegget har vore særst eller noko viktig.

68 % Skular som meiner formidlingsopplegget har fungert anten særst godt eller middels godt.

På ein skala frå 1 - 5 tilsvarer det eit gjennomsnitt på: **4.1**

Auka leselyst og høgare utlån


6

I kva grad har tilgang på bøker gjennom forsøksordninga og aktiv formidling ført til auka leselyst og/eller høgare utlån?

FREKVENNS

Fordelinga av svar på dei fire svaralternativa for 2020, 2021 og 2022.

Dei to øverste (i stor grad og til ei viss grad) er i merka med prosentdel:



GJENNOMSNIITT

Gjennomsnittstala for auka leselyst og høgare utlån, på ein skala frå 1 - 4:



**SÆRLEG
VIKTIG**
for auka leselyst
og høgare utlån

1

AKTUALITET

Tilgang på nye og aktuelle
bøker

2

MANGFALD

Tilgang på eit meir variert og
mangfaldig utval av litteratur

3

FORMIDLINGSOPPLEGG

Gode og aktive formidlingsopplegg
som utstilling, presentasjon og
høgtlesing.

4

MEDELEVAR

Formidling og tilråding frå
medelevar.


5


LÆRARAR


Engasjement frå og
involvering av lærarar.


Skulebibliotektilbodet

Kor einig er du i følgjande påstandar om at forsøksordinga har bidrege til å endre skulebibliotektilbodet som elevane blir tilbydd?

Fleire elevar enn før låner bøker.  85 %


Elevane som allereie brukte å låne bøker, låner fleire bøker.  87 %


Elevane låner eit større mangfald av bøker.  89 %


 84 % Talet på besøk på skulebiblioteket har auka.

 89 % Talet på bøker som blir lånt ut har auka.

 76 % Elevane brukar skulebiblioteket i fleire fag.

Elevane sin tidsbruk til lesing på skulen har auka.  81 %

Elevane sin tidsbruk til lesing heime har auka.  72 %

Lærarane brukar biblioteket meir enn tidlegare i undervisninga.  76 %

Merk: respondentane har svart på påstandane på ein skala frå 1-5 der 1 er heilt ueinig og 5 heilt einig (Likert 5) Resultatet har så blitt omgjort til prosentandel.



MANGLANDE
TID



MANGLANDE
FORMIDLING



KORONAPANDEMI
OG LÆRARSTREIK



DÅRLEG
ØKONOMI




MANGLANDE
STØTTE FRÅ
SKULELEIINGA

MOGLEGE ÅRSAKAR

ikkje ført til auka
leselyst og
høgare utån



Alderstilpassing



Skulebibliotek som rapporter at kulturfondbøkene i stor eller til ei viss grad passar til elevane sin alder.

ÅRSAKER TIL AT BØKENE EVENTUELT IKKJE PASSAR

- 01 Tematikk: bøkene har anten for barnsleg eller moden tematikk
- 02 Målform: bøkene er på nynorsk
- 03 Tekstmengde: manglande illustrasjonar eller for mykje tekst
- 04 Språknivå: for vanskeleg språk, eller treff ikkje elevane sine leseferdigheiter



UTVAL

Skulebiblioteka rapporterer om at eit betre og større utval med aktuell og mangfaldig litteratur er eit av dei viktigaste kriteria for å kunne lukkast med ordninga.

FORMIDLING

Skulebiblioteka peiker på gode, aktive samt forpliktande formidlingsopplegg som eit viktig kriterium for å kunne lukkast med ordninga.

ENGASJEMENT

Skulebiblioteka skriv at engasjerte skulebibliotekarar, samarbeid med interesserte lærarar og engasjerte elevar også er eit viktig kriterium.

MANGLANDE PERSONAL

Skulebiblioteka peikar på manglande personalressursar som ein av dei største barrierane for å kunne lukkast med ordninga.

MANGLANDE TID



Skulebiblioteka rapporterer om manglande tid til formidling og rettleiing som ei barriere.

MANGLANDE BUDSJETT

Skulebiblioteka skriv av manglande budsjett til skulebiblioteket er ei av dei største barrierane.



Forsøksordninga med kulturfondbøker har bidrege til at...



Merk: respondentane har svart på påstandane på ein skala frå 1-5 der 1 er heilt ueinig og 5 heilt einig (Likert 5) Resultatet har så blitt omgjort til prosentandel.

Fritekstkommentarar frå skulane:

Vi har hatt et løft hos oss etter at vi fikk være med i ordningen.

Alle skoler bør få disse bøkene, det er fantastisk å få bøker! Tusen takk:-)

Jeg håper ordningen fortsetter etter forsøksperioden, på grunn av alle de positive konsekvensene som jeg har nevnt i denne rapporten.

Håper dette kan bli en permanent ordning. Ungene leser jo ikke hjemme i så stor grad som tidligere, og er ikke lesing livsmestring, så vet jeg ikke hva som er det.

Jeg håper dette vil bli en fast ordning, ikke kun en forsøksordning. Det er en enormt viktig ressurs for små skoler som ikke er tilknyttet folkebibliotek ol. og som ikke har budsjett til å oppdatere boksamlingen jevnlig.

Takk for at vi fikk være med på denne forsøksordningen, det har gitt mer leseglede.

(...) Det er et godt press på ledelsen om å satse på biblioteket. Det sikrer at skolen uansett økonomi får bøker til elevene. Det øker leselysten til elevene. Tusen takk for at dere har dette, og måtte det bli innført som en fast ordning.

Det er med på å utjevne forskjeller på skoler som ikke er sentrumsnær og dermed ikke har samme tilgang til et folkebibliotek.

Forsøksordningen har gitt oss et mangfold av bøker og tema som vi ellers ikke ville ha fått. Det har vært et utrolig godt ressurs.

Vi håper vi kan fortsette med ordningen fordi det har løftet biblioteket og leselysten blant alle elevene.

Jeg synes forsøksordningen har gitt oss et godt mangfold av bøker som mange barn og unge på vår skole har hatt glede av. Det er så som med budsjetter til innkjøp og det har vært stor glede når eskene fra forsøksordningen har komme til oss :)

Denne ordninga har vore heilt fantastisk for ein skule med trongt budsjett. Boktilfanget har gitt så store positive følgjer, i ei tid der leselysta og -dugleiken generelt dalar! Me ynskjer at dette kan verta ei fast ordning!!

Veldig bra ordning som jeg håper kan bli permanent for alle skolebibliotek. Vi får en stor, bred, aktuell og bra samling, som vi ikke hadde hatt mulighet til uten ordningen.

KONTAKTINFORMASJON

Ved spørsmål om forsøksordninga for distribusjon
av kulturfondbøker til skolebibliotek:

Hege Langballe Andersen

hege.langballe.andersen@kulturdirektoratet.no

Seksjon for formidling, Kulturdirektoratet

Ved spørsmål om analyse- og rapportarbeidet:

Ragnhild Torvanger Solberg

ragnhild.torvanger.solberg@kulturdirektoratet.no

Avdeling for kulturanalyse, Kulturdirektoratet